

Ståstadsanalysen - informasjon til dei tilsette

Barnehagen din har bestemt at det skal gjennomførast ein ståstadsanalyse som grunnlag for å drøfte og vurdere kvaliteten på eigen praksis. Resultata frå undersøkinga kan hjelpe til med å finne fram til moglege forbetningsområde i høve til innhald og arbeidsmåtar i barnehagen.

Ståstadsanalysen kan brukast som ein del av det kontinuerlege forbetningsarbeidet i barnehagen.

Påstandane byggjer på intensjonane i Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Føremålet er "å ta temperaturen på" dei sentrale oppgåvene for barnehagen, og vurdere korleis oppgåvene blir utførte.

Del D i ståstadsanalysen syner dei tilsette si vurdering av den noverande praksisen i barnehagen sett opp mot ein ideell situasjon; slik ein kunne ønskje at det var. Data blir samla inn ved at alle dei tilsette tek stilling til påstandar som viser "teikn på god praksis" og samanliknar dei med arbeidskvardagen i eigen barnehage.

Vurderinga av barnehagen sin ståstad er market med farger.

- Skårer du grønt, vil det seie at barnehagen sin praksis er tilfredsstillande, men ikkje nødvendigvis perfekt.
- Skårer du gult, vil det seie at barnehagen sin praksis må betrast.
- Skårer du raudt, vil det seie at barnehagen sin praksis må endrast - tiltak er nødvendige.

Når du skal svare på påstandane, er det viktig å hugse på:

- Tilhøva skal vere gode, men behøver ikkje å vere perfekte for å kunne svare grønt.
- Du skal vurdere den noverande praksisen i barnehagen sett opp mot ein ideell situasjon; slik ein kunne ønskje at det var.
- Ta utgangspunkt i det du meiner om dei ulike påstandane, ikkje på kva du trur dei andre meiner.
- Dersom du ikkje forstår eller kjenner til kva som meinast med ein påstand, går du vidare til den neste.


På denne måten får ein fram fleire nyansar i svara frå dei tilsette, og drøftinga etterpå blir meir reell.


Når alle i barnehagen har svart, skal undersøkinga oppsummerast . Resultatet vil vise eit bilete av innhald og verkemåte i barnehagen i høve til det som står i Rammeplan for barnehagen og intensjonane i barnehagelova.

Styraren vil innkalle til eit personalmøte der heile ståstadsanalysen blir gjennomgått og drøfta med alle dei tilsette i barnehagen.

D. Tilsette vurderer barnehagen opp mot teikn på god praksis

I denne delen vert det gitt ei oppsummering av dei tilsette si vurdering av den noverande praksisen opp mot ein ideell situasjon, slik ein kunne ønskje at det var. Data er samla inn ved at alle tilsette har teke stilling til påstandar som viser teikn på god praksis og samanliknar dei med kvardagen i den aktuelle barnehagen. Vurderinga av barnehagen sin ståstad er market slik:

 Grøn: Barnehagen sin praksis er tilfredsstillande.

 Gul: Barnehagen sin praksis må betrast.

 Raud: Barnehagen sin praksis må endrast - tiltak er nødvendig.

For å krysse grønt bør forholda jamt over vere gode, men ikkje nødvendigvis perfekte.

Under finst eit sett av obligatoriske påstandar. Påstandane er samla under tre overskrifter:

1 Verdigrunnlag, medverknad og samarbeid

2 Omsorg, leik og læring

3 Planlegging, vurdering og utviklingsarbeid

Deltaking

Tal på pedagogar som har teke del i undersøkinga

Tal på assistentar og fagarbeidarar som har teke del i undersøkinga

Samla resultat frå dei tilsette si vurdering av praksis i barnehagen.
Verdigrunnlag - medverknad - samarbeid

Grøn % Gul % Raud %

Verdiar			Grøn %	Gul %	Raud %
	a1	Personalet har god kjennskap til Rammeplanen og barnehagen sitt verdigrunnlag			
	a2	Det er sett av tid for personalet til å drøfte barnehagen sitt læringssyn.			
	a3	Alle tilsette er bevisste på eigne verdiar og haldningar i møte med dei føresette			
	a4	Alle tilsette møter det enkelte barnet med tillit og respekt			
	a5	Personalet samtalar med barna om haldningar, verdiar og veremåte			
Det enkelte barnet	a6	Omsorgs- og aktivitetstilbodet blir utforma ut frå kjennskap til det enkelte barnet og barnegruppa			
	a7	Kvardagssamtaler med føresette er prega av interesse for og kjennskap til det enkelte barnet			
	a8	Barn med spesielle behov opplever støtte og utfordringar på lik linje med andre barn			
	a9	Personalet veit korleis dei skal handle når det er bekymring rundt eit barn.			
Barna sin medverknad	a10	Personalet drøfter forholdet mellom autoriteten til dei vaksne / og fridom og medverknad for barna			
	a11	Kvardagsrutinane i barnehagen er utforma slik at barna ofte tek eigne initiativ			
	a12	Barna blir involverte både i planlegging og gjennomføring av aktivitetar			
	a13	Personalet oppfordrar barna til å seie meininga si om kvardagen i barnehagen			
Føresette sin medverknad	a14	Dialogen med føresette er prega av gjensidig tillit og respekt			

	a15	Personalet gjennomfører planlagde samtaler med dei føresette			
	a16	Personalet oppfordrar føresette til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen			
Samarbeid	a17	Lokalmiljøet opplever barnehagen som ein viktig del av nærmiljøet			
	a18	Barnehagen har eit tett og godt samarbeid med PPT/ekstern spesialpedagog			
	a19	Personalet i barnehage og skole har innsikt i kvarandre sitt pedagogiske arbeid			
Omsorg - leik og læring					
Omsorg og oppseding	b1	Barna viser glede over å vere i barnehagen			
	b2	Barna viser omsorg for kvarandre			
	b3	Alle tilsette tek initiativ til å møte barnet når det kjem og gir det ein hyggeleg avskjed			
	b4	Alle tilsette er fleksible og imøtekomande overfor enkeltbarn og deira behov			
Leik og læring	b5	Barnehagen gir tid og rom for fri leik			
	b6	Personalet har kunnskap om utvikling og læring som skjer gjennom ulike former for leik			
	b7	Personalet deltek aktivt i leiken			
	b8	Arbeidet innan dei sju fagområda er ein naturleg del av barnehagen sin kvardag			
Barnehagen som kulturarena	b9	Nærmiljøet blir nytta aktivt i leik, læring og livsutfolding			
	b10	Barna får bruke sin fantasi og kreativitet, og får oppleve skaparglede			
	b11	Barna får erfaringar med ulike kulturar og tradisjonar			
Språkutvikling	b12	Personalet har kunnskap om korleis dei kan stimulere kommunikasjons- og språkferdigheiter hos barna.			
	b13	Personalet nyttar dei daglege gjeremåla til å stimulere barna til å vidareutvikle språk og omgrep.			
	b14	Barn med sein språkutvikling får tidleg og god hjelp			
	b15	Personalet har god kunnskap om språkstimulering av barn med to- eller fleispråkleg bakgrunn.			
Sosial kompetanse	b16	Alle tilsette er bevisste rollemodellar i forhold til den sosiale utviklinga hos barn.			
	b17	Personalet samtaler med barnet om vennskap og om korleis vi skal vere mot kvarandre			
	b18	Alle tilsette er samde om kva som er akseptabel åtferd hos barn og vaksne			

Planlegging - vurdering - utviklingsarbeid

Planarbeid	c1	Personalet sin pedagogiske praksis byggjer på innhaldet i Rammeplanen			
	c2	Personalet deltek aktivt i utvikling og iverksetjing av årsplanen			
	c3	Det er godt samsvar mellom det som står i årsplanen og det som skjer i praksis			
Pedagogisk leiing	c4	Leiinga følgjer opp og ser til at vedtekne planar blir gjennomførte			
	c5	Alle tilsette opplever god personalleiing			
	c6	Alle tilsette får fagleg støtte og rettleiing frå leiinga			
	c7	Alle tilsette opplever at leiinga lyttar til konstruktiv kritikk			
Vurdering og dokumentasjon	c8	Personalet kartlegg og observerer jamleg enkeltbarn og grupper			
	c9	Personalet følgjer opp resultat av kartlegging og observasjon i det daglege arbeidet med barna			
	c10	Personalet drøfter resultat av brukarundersøkingar og andre tilbakemeldingar frå føresette og barn			
	c11	Resultat frå vurderingsarbeidet fører til endring av årsplanen og kvardagsrutinar i barnehagen			
	c12	Barnehageeigaren blir kjend med vurderingsarbeidet i barnehagen			
Kompetanse-utvikling	c13	Det blir arbeidd langsiktig og systematisk med kompetanseutvikling for alle tilsette			
	c14	Alle tilsette opplever at deira kompetanse er kjend og kjem til nytte i arbeidet i barnehagen			
	c15	Alle tilsette får utfordringar i det daglege arbeidet			
Forbetringsarbeid	c16	Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis			
	c17	Det blir arbeidd bevisst med å setje ord på og spreie gode arbeidsmåtar			